



**Arbeidstilsynet**  
**Postboks 4720 Sluppen**  
**7486 Trondheim**

**Tilbakemelding på oppsummering av tilsynsbesøk ved BF-tenesta(OMSUT), Prestmarka  
Avlastningabustad.**

Det blir vist til tilsyn ved avlastingsbustaden den 24. september 2014, tilsynet blei gjennomført som ein samtal med leiarar, tillitsvalde og verneombod, og blei gjennomført på møterom ved Radøy Arbeidssenter. Avlastingsbustaden er ein del av det vi no kallar Hannesvegen avlastning og bustader, som i tillegg til avlastingsbustaden består av Tømmerdalen bustader og Hesthaugen bustad. Leiar på arbeidsplassen er Reidun Vallestad. Ho var saman med verneombod, tillitsvalde og underteikna med på møtet den 24. september.

I etterkant av tilsynet har OMSUT sett nærmere på dette med registrering av vold og truslar mot dei tilsette, dette var oppe som tema på tilsynet. Ein såg at her var det muligheter til forbetring og at ein må starte med å få ein betre oversikt situasjonen. Eininga har etter tilsynet utarbeidd eit eige skjema for registrering, dette kjem i tillegg til avvikskjema i HMT-systemet. Kopi av skjema ligg ved .

I oppsummeringa til arbeidstilsynet blir det konkludert med at sidan fleire av møtedeltakarane hadde sin arbeidsplass utanfor avlastingsbustaden, så tilsynet omfattar heile OMSUT. Som leiar for OMSUT har eg eg slik kommentar til denne konklusjonen. Eg oppfattar tilsynet til å gjelde avlastingsbustaden slik det kjem fram i meldinga om tilsyn. Dersom tilsynet skal omhandle fleire av arbeidsplassane ved eininga, ville det ha vore ryddig om leiarane for desse arbeidsplassane blei varsle og fekk være med på tilsynet. Det blir vel litt urimeleg om desse først for vite om tilsynet etter at det kjem i form av tilsynsrapport og då særleg dersom det i tillegg blir gitt pålegg som følge av tilsynet.

Arbeidsgjevar tek ansvar for å ta med verneombodet på råd. Dette er innarbeid som rutinar ved eininga. Einskilde gongar vil dei tilsette være representert ved at ein kan velje ein person som t.d. har særleg kunnskap eller interesse innanfor eit felt. Døme på dette er nybygg i Prestbrekka 2012. Her blei det valt ein person som sjølv nettopp hadde bygd seg hus, som representant for dei tilsette. Dette utelet ikkje verneombodet å være delaktig, ordninga er ein praksis som er etablert etter ein felles forståing av rollene. Verneombodet er aktiv i evalueringsarbeidet med arbeidsplaner, og generelt arbeidstakarane sin situasjon på arbeidsplassen. Så har ein årlege vernerundar der arbeidsgjevar inviterer verneombodet til å ta ein systematisk gjennomgang av alle arbeidsplassane ved eininga. Desse blir normalt gjennomført i november kvar år. Dette blir varsle slik at alle tilsette er kjend med når gjennomgangen vil være og ein kan kome med innspel. Slike vernerundar har ein




systematisk gjennomført i ei årrekke og det har ført til mange forbetringstiltak både når det gjeld det fysiske arbeidstilhøva og opplæring av tilsette osv. Etter at oppsummeringa av tilsynet blei tilsendt har eg teke kontakt med verneombodet og spurd om ho har eit inntrykk av at ein ikkje tek verneombodet med på råd, eller om ho hadde uttrykt dette på under tilsynet. Ho avkrefta begge deler, spørsmålet blei stilt til verneombodet ut frå at eg ikkje kan hugse at det kom ein slik uttale frå verneombodet under tilsynet.

Tilsyn kom på eit tidspunkt der vi var midt i skifte av verneombodet. Dette som følgje av sjukemelding i forkant av fødsel og omsorgspermisjon, for det «faste» verneombodet . Det nye verneombodet blei kasta inn i oppgåvene og var nett i gang med kurs/opplæring i rolla, på tilsynsdato. Denne situasjon er ikkje representativ for kor aktiv og kjend verneombodet normalt er med sitt arbeid.

Oppsummert så ser eininga at eit pålegg slik det er varsle i oppsummeringa av tilsynet er urimeleg. Dersom ein likevel opprettheld påleggget må vi få meir info om kva som blir forventa med tanke på det å ta med verneombodet på råd. Dersom det går på dokumentasjon av det å involvere verneombodet, så har vi mykje av dette på plass, dette som ein del av HMS-arbeidet men også gjennom skriv og avtaler. Dersom arbeidstilsynet ser alvorlege svikt i dokumentasjonen så vil vi at ein konkret peikar på kva dette går ut på, slik at vi har ein rimeleg muligheit til å forbetre oss.

Så til punktliste for vurdering av pålegget er oppfylt:

- Avviksmeldingar og det å ta verneombodet med på råd. Ved rapportering av avvik så gjer meldar ei vurdering av avviket og vurderer om dette skal gå til nærmeste leiar eller om ein finn løysing og arkiverer skjema i HMT-perm. Dersom det går til nærmeste leiar vil det gå kopi til m.a. verneombodet, sjå vedlagt skjema. Verneombodet vil såleis være kjend med alvorlege avvik på eit tidleg tidspunkt. Vidare saksgang er at avviket blir løyst på lavast mogeleg nivå, men bringa oppover om ein ikkje rår over midlar til å løyse avviket. Meldingssystemet er lite brukt og ein må sjå på om opplæringa av dei tilsette er tilstrekkeleg, eller om dette er eit uttrykk for at der er lite avvik. Vi har som tidlegare skrive laga til eit skjema for å kartlegge fysisk vald og truslar mot tilsette, dette vil være eit supplement til avviksmeldingane og kan vera med på å setje fokus på denne type avvik.
- Kommunen har sett i gang ei del tiltak for å få ned talet sjukemeldingar. Dette er tiltak som stort sett blir sett i verk sentralt i kommunen og blir retta mot dei avdelingane eller einingane som har høgast tal sjukemeldingar. Her er nok hovudverneombodet delaktig i arbeidet. Vår eining har hatt ein positiv utvikling og har ikkje blitt involvert i slike tiltak dei siste åra. For 2012 var eininga sitt samla fråvær på 10,54 % og for 2013 på 9,23 %, eininga blir framheva for si positive utvikling. Eininga har gjennom mange år hatt som tiltak at alle tilsette får dekka kostnadene med å bruke symjehallen på Manger i fritida. Dette då ein ser at god trening er bra for helsa og særleg for dei som arbeider med tunge løft.
- Verneombodet sin medverknad i oppfylginga av handlingsplan. Våre årlege rutinar er omlag slik, vernerundar med verneombod og lokal leiar i kvart år i november etterfølgt av møte der ein set opp handlingsplan. Her er m.a. verneombodet med. Til møtet har leiarane og



## RADØY KOMMUNE

Eining for omsorg og utvikling

verneombod utarbeidd ein handlingsplan for kvar arbeidsplass, og denne blir gjennomgått og samla til ein plan. På møtet tek ein også opp plan for inneverande år og ser gjennom at ting er fylgt opp. Så har ein møte i mai/juni der ein har halvårsoppsummering av gjeremåla i handlingsplanen. På den måten kvitterer ein ut for utført arbeid direkte på planen minst to gongar i året. Alle leiarar7arbeidsplassar tek med seg sine HMT- permars til desse møta, som er ein gjennomgang av HMT-arbeidet generelt. Sentralt i kommunen vil Hovudverneombodet ta del i utviklinga av HMT-arbeidet, samt ta del i dei sakene som kjem opp for AMU, m.m.

- Møtekalender blir laga tidleg i januar og sendt ut til alle involverte, kjem ein inn som nytt verneombod midt i året så vil ein ikkje få same oversikt. Dette prøver vi å bøte på ved å orientere om arbeidet munnleg i møte med nye verneombod. Ut over dette vil der være møter relatert til evaluering av tunusplaner , dette omlag 4 gongar i året, så vil der være møter med utgangspunkt i ønske frå verneombodet eller tillitsvalde eller ein konkret sak.

Mager den 26. november 2014

Med helsing

Jørgen Bleikli  
Einingsleiar

Vedlegg til tilbakemeldinga:

- 1) Møtekalender for 2014 Omsut
- 2) Kopi av e-post som viser arbeidet med ferdigstilling av handlingsplan for 2014
- 3) Handlingsplan for 2014 med avhaking for utført oppgåver. Samt diverse grunnarbeid for utarbeiding av handlingsplan.
- 4) Avviksjema som viser korleis verneombodet blir involvert i avviksarbeidet.
- 5) Nytt skjema for kartlegging av vold og truslar

Kopi til: Verneombodet



**RADØY**  
den grøne øya

Postadr.:  
Radøyvegen 1690,  
5936 MANGER

Telefon:  
56 34 90 71

Telefaks:  
56 34 90 01

Besøksadresse:  
Prestmarkvegen 1c,  
5936 MANGER

Webside:  
[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)

Bankgiro:  
3636.07.00776

Org.nr.:  
954 748 634

